

Arnfinn Kjelland

Busetnadssoge for Haram

Kommentarar til og kalkyle over dei viktigaste arbeidsoperasjonane



HØGSKULEN I VOLDA



**MØREFORSKING
VOLDA**

Forfatter	Arnfinn Kjelland
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Arnfinn Kjelland
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

© Forfatter/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfatter/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføre mål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfatter(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfatter er ansvarleg for sitt arbeid.

Arnfinn Kjelland er førsteamanuensis ved Historisk institutt, Avdeling for humanistiske fag ved Høgskulen i Volda. Han har omfattande røymsler med lokalhistorisk arbeid, og har m.a. publisert *Bygdebok for Lesja* i tre band 1987–1996.

E-post: ak@hivolda.no

Heimeside: <http://www.hivolda.no/index.php?ID=12051>

Innhald:

Forord	4
1 Innleiing: dataprogrammet BSS, leing og fagleg rådgjeving	5
1.1 Generelt	5
1.2 Dataprogrammet Busetnadssoge – BSS	5
1.3 Arbeidsgangen med personregisteret og BSS i grove trekk	5
1.4 Prinsipp for utgjeving	6
2 Delprosjekt 1: Prosjektleiing, reserve / rente	6
2.1 Fagleg leing og koordinering av prosjektet	6
2.2 Reservepost	6
2.3 Renter	6
2.4 Dugnadsinnsats	6
3 Delprosjekt 2: Stoffbearbeiding inkl. tekstproduksjon	7
3.1 Generelt om dataregistrering av kjeldematerialet	7
3.2 Kategorisering av kjeldene	7
3.3 Arbeidsomfang, dataregistrering av eksisterande og innsamla kjeldemateriale	7
3.4 Omfang innsamling og registrering av husstandsskjema	9
3.5 Oppsummering, registreringsarbeidet	9
3.6 Kjøp av dataprogrammet Busetnadssoge (BSS), import av kjelder og årleg lisens	10
3.7 Lenking og kopling av personinformasjon, tidsforbruk	10
3.8 Gardshistoriearbeidet	11
3.9 Innleiingskapittel for område over matrikkelgardane	12
4 Delprosjekt 3: Illustrasjonar og ferdiggjering / bokproduksjon	12
4.1 Kart og stadnamn	12
4.2 Eldre og nyare bilde	13
4.3 Kvalitetssikring: språkvask og utsending manus og redaktørarbeid	13
4.4 Samla sidetal, bandinndeling og produksjonskostnader	14
5 Boksal og variable kostnader	15
6 Konklusjonar bygd på vedlagde kalkyle	15
Særskilt relevant litteratur med kommentarar	16
Vedlegg: Bygdebok for Haram – kostnadskalkyle	17

Forord

Bakgrunnen for dette notatet er førespurnad om bistand i planleggingsarbeidet for nye bygdebøker frå Haram kommune ved kulturkonsulent Frode Elias Synnes pr telefon og e-post 31.10.2005, møte med kommuneleiinga og dei to bygdeboknemndene for høvesvis gamle Haram kommune og Hamnsund sokn 12.12.2005, e-postmelding frå meg til kulturkonsulenten dat. 23.12.2005 og notat med svar frå bygdeboknemndene dat. 28.2.2006.

Eg vidare mottatt ei utgreiing frå Palmar Fjørtoft om det materialet som er innsamla til gards- og ættesoge for gamle Haram, datert 19.7.2006. Notatet ligg til grunn for gjennomgangen i pkt 3 nedafor. I tillegg har eg fått avklart nokre mindre spørsmål gjennom e-postutveksling med kulturkonsulenten og leiar for Haram bygdeboknemnd, Thorleif Marken.

Dette notatet bygger i betydeleg grad på meir generelle betraktningar kring slike prosjekt uttrykt i tidlegare forprosjektrapportar eg har utarbeidd for høvesvis Stryn kommune (2004) og Herøy sogelag (2006). I begge desse er det mykje bakgrunnsstoff som er relevant for det prosjektet Haram vurderer. Dei kan lastast ned gratis frå Høgskulen i Volda sine heimesider, sjå litteraturlista.

*Volda, 6. juni 2006
Arnfinn Kjelland*

1 Innleiing: dataprogrammet BSS, leiing og fagleg rådgjeving

1.1 Generelt

På bakgrunn av kontakten med kommunen og nemndene har eg tolka intensjonane for prosjektet i Haram slik at det er bygdebøker av delsjangeren «gards- og ættesoge» det gjeld. I samsvar med tidlegare praksis definerer eg dette under ei nyare nemning, *busetnadssoge*, som først og fremst skal signalisere at det ikkje berre er historia om gardsbruka i området og folk knytte til desse bøkene skal innehalde. Det er etter mitt syn spesielt viktig i område med meir omfattande tettstadsdanning, som t.d. Brattvåg i Haram.

Det er ein del generelle prinsipp å ta omsyn til når ein planlegg slike prosjekt. Eg tek dei ikkje inn her, men viser til Herøy-rapporten avsnitt 1.3 – 1.6 og heile avsnitt 2.

Særskilt for Haram ser eg visse utfordringar i at det er ønske om det ein kan kalle tilnærma tradisjonell gardshistorie, i tillegg til ei generell innleiing og bygdevise innleiingskapittel (notat etter møte i nemndene dat. 28.2.2006 pkt G). Dette er element det er sær s vanskeleg å vurdere omfanget av og tidsbruken for.

1.2 Dataprogrammet Busetnadssoge – BSS

Ein finn ei utgreiing om dette programmet som vedlegg 1 til Herøy-rapporten og på prosjektvevsidene (sjå litteraturlista). Det er altså eit hovudverktøy for den normalt mest arbeidskrevjande delen av slike bygdebokverk, den s.k. «ættesoga» eller personregisteret. Det er i denne delen av slike verk ein finn informasjon om alle personar som har budd i undersøkingsområdet i den perioden som skal dekkjast (normalt ca 1600 til i dag) – vitale detaljar som tidspunkt for fødd og død, alle *relasjonar* mellom fleire personar (partner, foreldre) og mellom personar og dei bustader dei har budd på gjennom livet. Programmet handterer så alle *kryssstilvisingar* mellom personar og bustader.

Etter mi vurdering er det i dag ikkje noko alternativ til å bruke dette programmet i slike prosjekt. Men etter som eg har vore sterkt delaktig i utviklinga av programmet, og i tillegg i alle fall teoretisk har økonomiske interesser i at programmet blir seld, ber eg alle aktuelle / potensielle kjøparar vurdere dette på fritt grunnlag og gjerne ta kontakt med Norsk lokalhistorisk institutt i Oslo for å få deira syn på programmet.

1.3 Arbeidsgangen med personregisteret og BSS i grove trekk

Dette går ut på:

- a) å «rekonstruere» personar, dvs. samle informasjon om kvar person frå fødselslister og div. andre kjelder (s.k. «personhendingar»), evt. inkl. skrive inn tilleggsinformasjon om personen (yrke, verv, spesielle historier o.l.),
- b) sette saman personar til «familiar» (i vid tyding), evt. inkl. skrive inn tilleggsinformasjon om familien, flyttingar o.l.,
- c) definere eit komplett oversyn over dei bustader (i vid tiding) som har vore i undersøkingsområdet, inkl. slike som no er borte av forskjellige grunnar, men der det har budd identifiserbare personar, evt. skrive inn bustad- / gardshistorisk informasjon og
- d) plassere alle rekonstruerte «familiar» ut på dei identifiserte bustadene slik at BSS automatisk kan generere krysstilvisingar og trykkeklart manuskript.

1.4 Prinsipp for utgjeving

Ideelt sett bør alt arbeidet med bustad-, personar og familiar utførast for *heile* det området som er inkludert i prosjektet, *før* ein gir ut første bandet. Det vil sikre eit best muleg produkt. Dessverre krev vanlegvis likviditeten i prosjekta fortløpande utgjeving av enkeltband for å få inntekter. Men da er risikoen til stades for at ein får inn ny informasjon om innhaldet etter at eit band er gjeve ut, og må til med rettingslister i påfølgjande band.

2 Delprosjekt 1: Prosjektleiing, reserve / rente

2.1 Fagleg leiing og koordinering av prosjektet

Sjå Herøyrapporten pkt 1.6 og 8.1. Med den modellen Haram tenkjer seg, er det truleg best å kombinere ansvaret for samansetting av familieane, skrivning av gardshistoria og prosjektleiing til ein person («bygdebokforfattaren»). Ansvarsforholdet til den som evt. skriv andre sakprosa-element må avklarast når dei oppstår. Koordineringa kan ligge til prosjektleiar, leiar for bygdeboknemnda og / eller ansvarleg i kulturetaten i kommunen.

Eg vil generelt peike på at det kan vere uheldig å laste for mange leiings- og koordineringsoppgåver på den som skal ha det faglege hovudansvaret for kjeldebehandling, samanstilling av familiar og evt. skrivning av gardshistorie; det er sær arbeidskrevjande oppgåver som føreset at den som utfører dei får arbeidsro til å konsentrere seg, og ikkje blir avbroten for mykje.

Innafor relativt avgrensa tidsrammer kan eg – med visse atterhald – vere disponibel som fagleg rådgjevar for prosjektet. Det er i kalkylen sett inn 100 timar.

Medlemer av nemnda / styringsgruppa må ha høve til å reise på kurs og delta på relevante seminar, kanskje òg motta eit symbolsk honorar. Dei har trass alt ansvaret for eit prosjekt med ei brutto utgiftsramme på nærare 10 mill. kr.

2.2 Reservepost

All erfaring tilseier at det er umuleg å førehandsplanlegge alt som må og / eller bør utførast i slike prosjekt. Dessutan kan det oppstå sjukdom eller andre «force majeure»-tilfelle, t.d. at ein sentral medarbeidar får eit jobbtilbod ho eller han ikkje kan seie nei til, og nye må lærast opp (slik det t.d. skjedde i Volda, sjå nedafor pkt 3.9).

Eg har i kalkylen lagt inn ein slik post, rekna til 10 % på alle kostnader utanom dei variable som er knytte til sjølve boksalet (jfr pkt 5).

2.3 Renter

Utan omsyn til kva for måte Haram vel å organisere prosjektet på, vil det påløpe nokså store kostnader *før* det kjem inntekter av boksal. Det bør derfor i alle fall reknast renter på dei kostnadene som kjem fram til boksalet startar. Men truleg kan prosjektet organiserast slik at det òg kjem inn ein del inntekter før alt salet er fullført, og dessutan kjem sjølv sagt ikkje alle utgiftene frå første dag. Ordinære kommunale løyvingar til prosjektet vil òg redusere denne kostnaden.

I samråd med nemndene har eg førebels lagt inn rentekostnader i 2 år med 3 % rente av heile utgiftsbeløpet minus reserveposten og posten for variable kostnader ved boksalet (5c).

2.4 Dugnadsinnsats

Sjølv med betalt arbeidskraft til betydelege delar av arbeidet med eit slikt verk, er det heilt nødvendig med friviljug innsats (m.a. til å samle og gjerne dataregistrere ymse slag informasjon, bilde, stadnamn osv.).

Ein bør ta sikte på frå starten av prosjektet å halde oversyn over slik friviljug innsats, i det minste over kven som har deltatt, og dei som har gjort eit visst minimum bør som påskjøning bli nemnde i verket, evt. med bilde slik det er gjort mellom dei bakre permanente i Volda band 1.

Om muleg bør ein òg prøve å registrere det faktiske omfanget av slik innsats, i alle fall frå prosjektstart, sjølv om ein da ikkje får med det som har vore gjort tidlegare. men personar som har gjort ein omfattande innsats før prosjektet kjem i gang bør ein registrere for påskjøning.

3 Delprosjekt 2: Stoffbearbeiding inkl. tekstproduksjon

3.1 Generelt om dataregistrering av kjeldematerialet

Bruk av BSS krev at det aller meste av det personhistoriske kjeldematerialet er dataregistrert før arbeidet med å sette saman person-, familie- og bustadinformasjon startar. Registreringane treng ikkje vere gjort etter noko standard (4G, Kyrre), men det er ein fordel viss slike er følgd.

3.2 Kategorisering av kjeldene

Det kan vere nyttig å kategorisere kjeldematerialet som må leggest til grunn for slike prosjekt. Slik kategorisering kan følgje fleire prinsipp. Eitt gjeld tilstanden, om kjeldene er ferdig bearbeidde og arkiverte, eller om dei må framskaffast som ein del av prosjektet. Eit døme på sistnemnde er ein viktig kategori: skjema prosjektet sender ut til husstandane der dei skal respondere med personal- og bustadhistorisk informasjon.

Når det gjeld det vi kan kalle ferdig arkiverte kjelder må ein òg vere merksam på klausuleringsregelverket; kjelder av visse kategoriar nyare enn bestemte tidspunkt (t.d. 100 år for folketeljingar, 60 år for visse kyrkjebokinnføringar osv.) er sperra for ordinært bruk av personvernomsyn.

Eit anna prinsipp gjeld behovet for dataregistrering:

1. Materiale som er særskild viktig for eller tilnærma reint personalhistorisk / ættesogerelevant materiale: kyrkjebøker, folketeljingar, dødsbuskifte, manntal og evt. eit utval skattelister frå 1600-talet, skjema frå husstandar o.fl.
2. Meir gards- og områdehistorisk relevant materiale: pantebøker og -register, tingbøker (justisprotokollar), matriklar og -førearbeid, div. kommunale arkivseriar, avisstoff osv.

Materiale av kategori 1 er slikt som det er heilt nødvendig å dataregistrere og importere i BSS for å kunne nytte dette programmet til å sette saman familiane.

Kategori 2-kjelder *kan* dataregistrerast og / eller skannast for å lette tilgjenget til dei, men det er ikkje absolutt nødvendig for å kunne utnytte dei på ein tilfredsstillande måte. Til enkelte av desse kjeldene, særleg tingbøkene, er det likevel ein stor fordel i alle fall å utarbeide gardsnamn- og personregister, og så gjerne importere desse registra i BSS.

3.3 Arbeidsomfang, dataregistrering av eksisterande og innsamla kjeldemateriale

Eg har ikkje god nok kjennskap til omfanget av og status for kjeldematerialet for Haram / Hamnsund til å gjere noka detaljkalkyle over omfanget av arbeid med dataregistrering av det eksisterande kjeldematerialet. Det etterfølgjande er derfor nokså grove overslag.

3.3.1 Kyrkjebøkene

Eg registrerer likevel av den tilsendte oversikten frå Palmar Fjørtoft at det aller meste av denne vitale kjeldeserien finst i form av avskrifter, noko som er ein stor fordel. Erfaringar eg gjorde i førebuingarbeid for tilsvarande prosjekt for Sula (der det var registrert avskrifter av kyrkje-

bøkene for Borgund prestegjeld ved hjelp av studentar / skuleelevar i Volda) var at ein grovt sett kan rekne med at dei som registrerer etter litt trening kan taste inn følgjande ca.-antal postar pr arbeidstime:

25–30 døypte (NB utan å registrere fadrar)

15–20 vigde

20–25 gravlagde (utan dødsårsak)

Dette vil sjølvsagt variere med tidsperiode, pga. at informasjonsmengda knytt til kvar enkelt innføring vanlegvis varierer nokså mykje frå dei eldste til dei nyare kyrkjebøkene.

I prinsippet må ein så gjere oppteljing av hendingar i kyrkjebøkene for å kunne kalkulere arbeidsomfanget. Det har eg ikkje hatt høve til, men to stikkprøver frå åra 1850 og 1910 i skanna kyrkjebok på Digitalarkivet viser at det desse åra var 39 og 66 døypte, 8 og 15 vigde og 26 og 18 gravlagde. Viss ein fører over gjennomsnitt for desse to årstala til heile perioden 1689 – 1931 (243 år), vil dataregistrering av desse bøkene ta ca 850–900 timar.

Men eg strekar under at dette er særst lause tal, og i samlealkylen tilrår eg sterkt å legge inn eit «risikotillegg» på dette talet med 25 %. Dermed bør ein nok kalkulere med knapt 1100 arbeidstimar på denne delen.

3.3.2 Dødsbuskifte og nominative folketeljingar

Ein del andre kjelder er det vanskeleg å kalkulere omfanget av arbeid med, t.d. personinformasjonen i dødsbuskifte. Eg rår likevel til at slike kjelder blir dataregistrerte, for dei er viktige for å klargjere relasjonar mellom personar særleg for perioden før midten av 1700-talet.

Dei landsomfattande nominative (med namn på alle personar) folketeljingane (1801, 1865, 1900) finst allereie dataregistrerte i offentlege arkiv, og ein får kopiar av desse utan kostnad. Av notatet til Palmar Fjørtoft ser eg det eksisterer ei nominativ teljing frå 1815, og denne bør absolutt registrerast. Det same gjeld til ein viss grad 1875-teljinga, i alle fall for det aktuelle området.

3.3.3 Andre kjelder som må registrerast, samandrag

Her reknar eg altså andre kjelder enn kyrkjebøkene. Eg har ikkje detaljinformasjon om omfanget.

For Volda, der kyrkjebøkene startar i 1741 (samt ein kort periode 1713-18), utgjer talet på datapostar i skifteregistreringane ca 37,5 % av det samla talet på kyrkjebokpostar. Men her er det i alle fall ei feilkjelde: dei registrerte kyrkjebøkene fram til 1828 omfattar Ørsta sokn, medan skifta berre omfattar Volda. Korleis det tilhøvet er for Haram har eg ikkje hatt høve til å undersøke, men her kjem det til at det òg må registrerast skrifte frå Hamnsund medan ein der har ferdig registrerte kyrkjebøker.

Å sette omfanget av skiftepostar til 40 % av kyrkjebokpostane og tid pr post til 30 pr time kan derfor vere eit utgangspunkt for å kalkulere arbeidsomfang knytt til registrering av denne kjeldeserien. Dermed kan ein rekne med ca 9600 postar og 325 timars arbeid.

Andre kjelder er eldre manntal / skattelister o.l. nemnde før. utgjer desse for Volda ca 13 % av kyrkjebokpostane. Etter som Ørsta er medrekna her, kan talet kanskje settast til 10 % for Haram eller 2420 postar. Det kan truleg forsvarast å sette 30 postar pr time også for slik registrering – dei eldre listene er relativt enkle å registrere når ein slepp å arbeide med originalskrifta – og dermed ca 80 timar.

Registrering av 1815-teljinga kan skjønsmessige setjast til 100 timar.

Samla tid for registrering av kjelder for prosjektet kan etter dette settast til i overkant av 1900 timar.

3.3.4 Særskilt om kjeldene for Hamnsund sokn

For Hamnsund sokn er ein god del av dette arbeidet gjort gjennom Sulasogeprojektet. Det prosjektet har registrert kyrkjebøkene for Borgund prestegjeld, og Haram bør kontakte stiftinga Sulasoga for å få eit tilbod på kjøp av kopi av dei aktuelle kjeldene.

Borgundkjeldene vil absolutt vere nyttige for Haram. Ein vil da få tilgang til alle personhendingane i det store Borgund prestegjeld frå 1698 til ca 1930, og slik finne att alle personar frå Haram som på ein eller annan måte var involvert i hendingar registrerte i Borgundkjeldene. T.d. er ei «spesialkjelde», brukarlistene for dei tre banda av bygdebøkene Borgund og Giske registrerte og klargjort for import. Ein kan dermed lenke personar frå Haram som vart brukarar på gardar nemnde i desse bygdebøkene og få den informasjonen «gratis».

Dersom stiftinga spør meg (som prosjektleiar for Sulasoga) vil eg rå til at Haram-prosjektet betalar kr 25.000 for kopi av dette materialet.

Nokre Borgundkjelder må likevel registrerast særskilt for Hamnsund. Det gjeld i alle fall dødsbuskifta, diverse eldre manntal og folketeljinga 1875. Ein nominell versjon av teljinga frå 1815 skal òg ha eksistert for Borgund, men ho var ikkje å finne i det bygdebokarkivet da vi arbeidde med førebuingane til Sulasogeprojektet.

Anslag over timar for registrering av særskilt kjeldemateriale for Hamnsund sokn: 150 timar.

3.4 Omfang innsamling og registrering av husstandsskjema

Når det gjeld innsamling og registrering av kjeldemateriale som pr i dag ikkje eksisterer, dvs. skjema utsendt til og innsamla frå husstandane, har vi dårlegare med erfaringstal. Eg må berre vise generelt til Herøyrapporten, pkt 4.2.1, der det går fram at det der er kalkulert (indirekte) at det går med 0,34 timar pr innkome skjema til registrering. Men vi strekar under at denne registreringa *må* inkludere ein kvalitetssjekk av realinformasjonen, og det arbeidet har vi dessverre ikkje registrert omfanget av i tidlegare prosjekt.

Ut frå dette talet og oppgjeve tal på bustader i Haram og Hamnsund i 2006 kan ein rekne med dette arbeideomfanget for å registrere desse kjeldene:

	Bustadar	Arb.tid
	2006	skjemareg.
Haram:	1826	816 timar
Hamsund:	550	246 timar
Til saman:	2376	1062 timar

3.5 Oppsummering, registreringsarbeidet

Totalt omfang av klargjeringsarbeid for befolkningsregisteret for Haram («ættesoga», jfr post 2a og 2b i vedlagte kalkyle) kan etter dette kome opp i nærare 3000 arbeidstimar eller 1,8 årsverk.

I notat frå nemndene av 28.2.2006 ser ein for seg at dette arbeidet enten blir gjort i form av ein kombinasjon av dugnad og betalt arbeid, evt. av ein person på avtalt betaling. Det kan vere ein grei strategi, men omfanget av arbeidet er såpass stort at dersom ein baserer seg på at det meste skal gjerast på dugnad kan det kome til å ta tid.

Ei alternativ løysing kan vere at ein tar kontakt med arbeidskontoret for å undersøke om dette kan vere arbeidsoppgåver som kan utførast av personar med mindre yrkeshemmingar. Det er elles ein absolutt fordel å engasjere fleire personar til dette arbeidet, både fordi det går til-

svarande raskare og dei som driv med det kan hjelpe kvarandre med tolking av skrift, korrekturlesing o.l.

Eg vil i alle fall rå til at dette blir organisert liknande det vi gjorde for Volda- og Sula-prosjekta (sjå pkt 3.3.1), med fleire registratorar som kan samarbeide. Da blir sjølvstøtt arbeidet òg raskare ferdig.

3.6 Kjøp av dataprogrammet Busetnadssoge (BSS), import av kjelder og årleg lisens

Dette elementet er det gjort greie for i Herøyrapporten pkt 4.5. Det er ingen endringar i prisen for programmet. Herøy sogelag har vedtatt å akseptere denne og har bestilt programmet (vedtak i styret for sogelaget sak 17/06, ref. sekretær Steinar Åheim).

3.7 Lenking og kopling av personinformasjon, tidsforbruk

Arbeidet med å sette saman person- og bustadinformasjonen er det gjort mest omfattande greie for i Stryn-rapporten pkt 5 (s. 9–14), og nærare om korleis oppgåvene blir løyste i BSS i vedlegg 1 til Herøyrapporten.

3.7.1 Stutt samandrag av lenkingsprinsippa

Oppgåva er å sette bokstaveleg tala hundretusenvis av i prinsippet lausrivne enkeltinformasjonsbitar (dåpshandlingar, slektsinformasjon i dødsbuskifte, pantsetjingar, registreringar i emigrantprotokollar m.m.m.) inn i eit system slik at folk utan spesialkunnskap kan forstå samanhengane. I før-dataalderen vart det gjort ved hjelp av mapper, kartotek kort, lappar osv. etter meir eller mindre same systemet: lappar som galdt ein og same person eller familie vart avskrive og samla, innførslar i pantebøker o.l. vart skrive av for kvar eining dei galdt osv. og så skreiv forfattaren til slutt ut ein prosatekst etter den vanlege malen for slike bøker. Slike prosjekt har normalt tatt mange år og mykje gratis dugnadsinnsats frå dei eldsjelene som først gjekk i gang med arbeidet.

I våre dagar der ein ofte ventar raskare resultat enn før er det vanskelegare å satse på at slikt kan gjerast rasjonelt på dugnad. Også viss det skal det gjerast med tilsett, evt. fagutdanna arbeidskraft er det viktigare enn før å organisere arbeidet slik at det kan gjerast mest muleg effektivt. Det er bakgrunnen for at det er utvikla eit nytt dataprogram for den normalt mest arbeidskrevjande delen av slike prosjekt:

- a) samanstillinga av personinformasjonen til familiar (i vid tyding),
- b) attfinning, definerings, avgrensing og registrering av bustader (gardsbruk, plassar, stover, bustadhus, slike som eksisterar i dag eller har eksistert i området) som har eksistert i området i perioden ca 1600 – i dag og
- c) utplassering av familiane på desse bustadene i dei periodane dei har budd der.

Til å utføre dette arbeidet er det altså dataprogrammet BSS er eit viktig hjelpemiddel. I tillegg er det mi erfaring at når det òg skal skrivast meir eller mindre tradisjonell gardshistorie (jfr pkt 3.7.2) bør arbeidet med a–c absolutt kombinerast med denne skrivinga, og av same person.

3.7.2 Tidsforbruk lenkearbeidet og sidetal for denne teksten

Prinsippet dette er kalkulert ut frå er det gjort greie for i Herøyrapporten pkt 5.1 – 5.3. Merk særleg storleiken TB («total brukstid»), som altså er summen av den tida der det har budd folk på alle bustader i området, utrekna slik: 1 gard busett frå ca 1600 til i dag = 400 år TB. Eit bustadhus busett frå 1956 til i dag = 50 år TB. Kalkylane over total arbeidstid og sider ferdig tekst (med om lag same oppsett / layout som i Sulasoga) byggjer på summen av TB for alle bustader i området (1826 i Haram og 550 i Hamnsund).

Ut frå erfaringane med Sula, og måten dei ferdige boksidene i Sulasoga er sette opp på, reknar altså forfattaren av tilsvarande tekst for Sulasoga (Ole Martin Sørungård), som òg har

programmert BSS, at TB på 115 år fyller 1 tekstsida, og vil kome til å ta ca 2,6 timar inklusive korrektur etter at førebels manuskript er utsendt til husstandane. Overført på Haram med Hamnsund sokn og elles same føresetnader ville Sørungård ut frå det vi veit i dag gjort dette arbeidet på i overkant av 4800 timar (ca 3840 for Haram og ca 970 for Hamnsund).

Dette timetalet byggjer altså på eit utrekna tekstsidedetal på 1808 (1492 for Haram og 316 for Hamnsund).

Merk at det med BSS følgjer eit prognosesystem utvikla av Sørungård i MS-Excel, der den som konkret gjer arbeidet kan legge inn timeforbruket frå første dag og få ut forventa timetal som vil gå med til heile arbeidet (bygd på TB). Viss det blir ført fortløpande timar for desse arbeidsoppgåvene vil oppdragsgjevar frå starten av og gjennom heile prosjektet få eit særskilt mykje betre oversyn over forventa tidsforbruk enn det så vidt eg veit er muleg med andre metodar.

Her er det likevel mange usikre faktorar; størst er den faglege dugleiken til den som blir engasjert for å utføre arbeidet for Haram.

Etter som eg ikkje har erfaringstal i det heile tatt for å kalkulere den tida ein ukjent person treng på å gjere eit slikt arbeid, plussar eg sjablongmessig på 25 % på den tida Sørungård ville ha brukt på arbeidet.

For Haram inklusive Hamnsund sokn ser det på dette grunnlaget ut til at det vil gå med litt i overkant av 6000 timar eller 3,7 årsverk på dette arbeidet.

3.8 Gardshistoriearbeidet

3.8.1 Innsamling og ordning av kjelder for gardshistoria fram til ca 1900

Her har eg som nemnt fått ei utgreiing frå Palmar Fjørtoft om status i det innsamlingsarbeidet som er gjort over lang tid. Det kan verke som at ein del av det innsamla materialet hos tidlegare leiar i bygdeboknemnda for Haram, Lars Nogva, har vore utlånt utan å vere kome inn att.

Sjølve kvaliteten på det eksisterande materialet er elles truleg godt nok ut frå mine generelle erfaringar med tilsvarande frå andre kommunar, men dersom det er meir omfattande lakunar (manglar) og ein må gå igjennom originalkjeldene på nytt kan det vere nokså arbeidskrevjande å finne att og erstatte det stoffet som er borte.

Med den avgrensa kjennskapen eg har til gardane i Haram og arkivet, er det uråd for meg å gje noko overslag over kva som står att av arbeid for å få arkivet til dette arbeidet komplett. Når eg i kalkylen legg inn 3 månadsverk (450 timar), er det nærast for å markere at det kan kome til å ta tid. Den aktuelle prosjektleiinga må følgje opp dette arbeidet når det kjem i gang.

3.8.2 Skrivning av gardshistoria

Dette arbeidet bør (må) nesten gjerast samstundes / parallelt med arbeidet med å sette saman familiane på bustadene (jfr m.a. pkt 1.3). Men medan vi har erfaringstal for arbeidet med personane i slike prosjekt (frå Sula), har vi *ikkje* slike tal når det i tillegg til å sette opp familiane skal skrivast lengre sakprosa om kvar gard, plass og evt. bustadhus.

Det bør i alle fall leggjast ein mal for korleis det arbeidet skal gjerast, og definerast milepælar slik at det vil vere muleg å styre prosjektet når det kjem i gang.

Eg har i kalkylen lagt til 25 % på den tida det tar å sette saman familiane (slik det blir gjort for Sula) som tillegg for å skrive gardshistorietekst. Det føreset sjølvstyk at arbeidet med ordning og komplettering av arkivet nemnt i pkt 3.8.1 er fullført. Det er likevel nærast som å «tenkje på eit tal» – det er her avgjerande kva element oppdragsgjevar ønskjer forfattaren skal ta med i framstillinga.

25 % av vel 6000 timar utgjer litt over 1500 timar eller knapt eitt årsverk i tillegg.

3.9 Innleiingskapittel for område over matrikkelgardane

I dei kontaktar eg har hatt med nemndene er det konkludert med at verket bør ha meir generelle innleiingar for kvar bygd / øy på i gjennomsnitt om lag 25 sider. Kapittel for desse einingane kan vere aktuelle: Fjørtofta, Flemsøya, Haramsøya, Lepsøya, Hildrestranda, Brattvåg, Gamlem, Søvika og Grytastranda, dvs. ca 9 kapittel.

Dette er arbeid som kan gjerast på mange vis. Det kan vere lokale ressurspersonar som kan skrive det heile (og dermed få ein nokolunde sams struktur på det), eller det kan vere enkelt-personar i bygdene som skriv for sine lokalsamfunn.

Fagleg sett tryggast er det truleg å engasjere ein person med fagkompetanse og erfaring til å skrive desse stykka, i samarbeid med nemnda / nemndene. Vedkomande vil vere heilt avhengig av god tilgang på kunnskapsrike informantar frå lokalsamfunna, og det må skaffast lokalt.

Arbeidsomfanget for eit slikt oppdrag kan definerast på førehand. Ved rimeleg tett oppfølging frå prosjektleiar eller nemnd, med nødvendige milepælar definerte undervegs, bør ein kunne halde ein realistisk plan. Men omfanget må altså drøftast nærare med den som faktisk skal gjere arbeidet i høve den avsette ramma.

For Busetnadssoga for Volda hadde vi først ein medarbeidar i knapt 3 år. Føresetnaden var at han skulle fullføre oppdraget for heile verket (5 band). Han samla da ein god del stoff til alle grendesogene og skreiv dei 6 første (til band 1). Så slutta han, og vi måtte engasjere ein ny person. Avtalen med han er at han skal skrive dei ca 15 attståande stykka innafør ei tidsramme på 18 månader. Men da er altså ein god del stoff samla frå før. Denne planen ser hittil ut til å halde. Samle sett vil likevel Volda kome til å nytte ca 4,5 årsverk på ca 20 slike grendekapittel.

Herøy sogelag har lagt opp til 10–12 slike kapittel og ville få det gjort av lokale ressurspersonar innafør ei ramme på 4 månadsverk. Det er klart at den historiefaglege kvaliteten på desse elementa mellom Herøy og Volda vil måtte variere betydeleg.

I samråd med nemndene er det sett opp 3 årsverk til dette elementet i bygdebokverket for Haram.

4 Delprosjekt 3: Illustrasjonar og ferdiggjering / bokproduksjon

4.1 Kart og stadnamn

Her viser eg generelt til det som er skrive i Herøyrapporten pkt 3.9.2. Merk særskilt dei problema eg hadde med å få avklart tilgang til digitalt kartverk for kommunen. Så lenge kommunen har eit utgjevaransvar for bøkene slik det så vidt eg har oppfatta det er planlagt for Haram, må det så langt eg forstår vere heilt uproblematisk å la prosjektet disponere digitalt økonomisk kartverk både som arbeidsdokument og til å illustrere dei ferdige bøkene (slik det er gjort for Volda og Sula). Også viss kommunen t.d. er medstiftar av ei stifting som skal stå for prosjektet bør det same kunne gjelde.

Moderne kart bør i slike verk supplerast med tradisjonelle stadnamn. Desse bør vere fagmessig innsamla og den tolkinga ein tar inn bør vere gjennomgått av ein med fagkunnskap innan etymologi (grunntydinga av ord). Eg reknar med Haram på same måte som resten av fylket har samla eit betydeleg tal tradisjonelle stadnamn, som ein her får høve til å formidle dersom det ikkje er gjort på annan måte.

Skrivemåten av stadnamn er elles vanlegvis ei kjelde til konflikhtar i slike prosjekt, særleg gardsnamn som er tatt i bruk som slektsnamn i ein eller annan variant. Eit vanleg tilfelle på Sunnmøre ser ut til å vere at gardsnamn som er i bunden form i daglegtale er brukt som slektsnamn i ubunden form. Her bør ein vere konsekvent, og følgje stadnamnlovas prinsipp.

4.2 Eldre og nyare bilde

Her er det nødvendig med grundigare utgreiing m.a. over kva som finst og kva ein bør samle inn. Nemndene ønskjer seg illustrering om lag som i Busetnadssoga for Volda band 1.

Bilda i Volda er av to slag: flyfoto i fargar frå Widerøe's Flyveselskap frå først på 1960-talet, og eldre bilde i hovudsak innsamla frå private. Framskaffing og tilrettelegging av sistnemnde kan utan samanlikning best gjerast i eit samarbeid med Fylkesfotoarkivet ved Ragnar H. Albertsen.

Av heimesidene til Haram folkebibliotek ser eg at kommunen alt har fargebilde av Widerøe frå 1963 ferdig digitaliserte. Eg har ikkje hatt høve til å kontrollere om denne digitaliseringa er god nok for trykkebruk, men tar det som ein føresetnad.

Den mest rasjonelle måten å skaffe eit større antal eldre svart/kvitt bilde av den typen som er bruk i Volda på, er etter eit tillempa opplegg med innsamling frå heimane. Ein organiserer lokalt innlån av bilde og samlar og dataregistrerer informasjonen, og så kjem ein medarbeidar frå Fylkesfotoarkivet innom når det er kome inn passende porsjonar (250–350 bilde) og avfotograferar desse slik at originalane kan leverast attende.

Fylkesfotoarkivet opplyser at bygdeboknemndene i Haram kan rekne med ein kostnad på kr 50 pr bilde for at dei kan levere digitale kopiar om kan sendast til trykking. Det er da inkludert informasjonsinnsamling og dataregistrering av desse. Desse oppgåvene kan (bør) løysast lokalt. Ei bildemengd på ca 1000–1200 bilde vil truleg vere nok til å illustrere bøkene.

Når forstår eg av fylkesfotoarkivaren at det alt er i gang betydeleg fotoinnsamlingsarbeid i Haram kommune, så behovet for tilleggsinnsamling er kanskje ikkje så stort. Men slik innsamling av gamle bilde er ei sjølvstendig kulturvernoppgåve som ein her får høve til å supplere / gjennomføre på ein rimeleg måte saman med eit konkret bokprosjekt.

Eg legg inn at prosjektet vil ha behov for å samle inn ca 1000 bilde for heile området for å få god nok bildedekning. Dei direkte kostnadene ved innsamling og klargjering (ved Fylkesfotoarkivet og evt. lokalt) av bilde til verket kan dermed settast til ca kr 50.000.

4.3 Kvalitetssikring: språkvask og utsending manus og redaktørarbeid

Dei som skriv bør ha bistand til å sjekke språkføringa i dei forskjellige tekstelementa i verket. Truleg kan dette utførast med lokal dugnadsinnsats, av ein røynd lærar o.l. med god språkkunnskap og kjennskap til lokale dialektformer viss slike skal nyttast.

Når familieinformasjonen er sett saman og familiane plasserte ut på bustadane, vil eg på det sterkast tilrå at ein legg inn tid og økonomi til ein korrekturrunde til husstandane. Det ein da gjer er å ta utskrifter av manus i den form det er i. Dette sender ein ut til alle husstandar i området og legg utskriftene i ringpermar på sentrale stader i dei områda som er behandla (butikkar, bibliotek o.l.). Med BSS-programmet følgjer ei rutine som automatisk produserer adresseliste på grunnlag av siste registrerte bebuar på kvar bustad. Denne lista kan nyttast til å flette adresserte brev til husstandane viss manusutskrifter skal sendast ut.

Dermed oppnår ein at alle får høve til å rette opp feil og manglar før trykking, og det vil i praksis ta brodden av det aller meste av kritikk i etterkant.

Når det gjeld sluttredigeringsarbeid, viser eg til Herøyrapporten pkt 5.4. I kalkylen har eg sett opp at ein relativt urøynd redaktør neppe vil klare meir enn 4 reine tekstsider pr time i snitt medrekna fleire korrekturrundar. Det betyr at arbeidet vil krevje ca 625 timar.

4.4 Samla sidetal, bandinndeling og produksjonskostnader

4.4.1 Sidetal og antal band

Sidetalskalkylen for det reine befolkningsregisteret (om lag slik Sulasoga er sett opp) seier som nemnt at det vil ta ca 1800 sider. I tillegg kjem sider til eit innleiingskapittel i første bandet, bygde- / øy-kapittel, gardshistorietekst, bilde, kart, tittel- og innhaldslistar og register.

Å gje eit overslag over sidetalet desse elementa er vanskeleg. Det relativt nøyaktige utgangspunktet er den kalkylen som er gjort over sidetalet bygd på TB og erfaringane frå Sulasogeprojektet. Det tilseier altså at desse delane av verket, med same sideutforming, skriftstorleik osv. som Sulasogebøkene, vil bli på litt i overkant av 1800 sider.

Det neste elementet, som det ikkje er muleg å kalkulere, er sidetalsomfanget av gardshistoriedelane. Her blir det snakk om skjønn, og eg har ikkje noko betre forslag enn å legge til 25 %. Dermed er ein oppe i eit samla sidetal på 2260 sider.

Så er det lagt opp til ca 9 grendekapittel (jfr pkt 3.9). Med ca 25 sider i gjennomsnitt for desse kan sidetalet kome opp i litt over 200. I tillegg må ein rekne med 10–15 sider pr band til tittelsider, forord og innhaldslistar. Dermed kan de samla sidetalet rein tekst settast til ca 2500.

Enklast er kanskje illustrasjonane; der er det drygt 25 % i Sulasoga og om lag 30 % i Busetnadssoga for Volda band 1. Viss vi reknar 25 % blir dermed det totale sidetalet i verket i overkant av 3100 sider.

Slike bøker bør ikkje vere tjukkare enn 5–600 sider, og det betyr at Haram-prosjektet inkl. Hamnsund i alle fall må rekne med 6 band for å få inn dette sidetalet. Da blir sidetalet i gjennomsnitt pr band litt over 520.

Vanlegvis er det eit problem med slike verk at det er vanskeleg å finne fram i dei. Ved bruk av BSS kan dette avhjelpast; programmet vil produsere fleire slag register, t.d. over alle registrerte slektsnamn. Slike register kan gjerne bli omfangsrike, og eg rår til at dei blir produserte i eit eige registerband. Dette blir sjølvsagt ein del mindre, men produksjonskostnaden er stort sett berre trykkinga, og det kan seljast slik at det gir eit ikkje heilt ubetydeleg tilskot til det samla resultatet av projektet.

4.4.2 Produksjon ferdige bøker (sideoppsett og trykking)

Det er sjølvsagt vanskeleg å kalkulere trykkekostnadene for eit verk som ikkje vil bli produsert før om fleire år. Men trenden dei siste 25 åra eg har arbeidd med produksjon av lokalhistoriske bøker er eintydig: prisnivået går ned, og årsaka er sjølvsagt den internasjonale marknadssituasjonen.

Det er truleg førebels nok å ta utgangspunkt i produksjonen av første bandet av Busetnadssoga for Volda, gjennomført i november 2005. Bandet kosta i direkte utlegg ca kr 360.000 for 608 trykksider og eit opplag på 3000. Da utførte rett nok eg sjølv ein del av arbeidet utan full godtgjering, så eg trur nok det realistiske er å legge på denne prisen noko. Men etter som banda for Haram i gjennomsnitt kan sjå ut til å få noko mindre omfang, kan det truleg forsvarast å sette produksjonskostnaden til kr 320.000 pr band med fargetrykk, og ca kr 75.000 mindre med berre svart / kvite illustrasjonar. Kostnad for produksjon av 6 band blir dermed ca kr 1.900.000 med fargetrykk og ca kr 1.470.000 med svart / kvite illustrasjonar. Eg har sett inn tala for fargetrykk i kalkylen. Innsparing ved bruk av berre svart / kvite illustrasjonar er altså ca kr 430.000.

Det er med dagens prisnivå muleg å spare inn ca 25 % på slik produksjon ved trykking utanlands. Da må ein rekne med ca 2 veker lenger produksjonstid. Muleg innsparing i høve trykking i Noreg ca kr 475.000 ved fargetrykk, kr 370.000 ved svart / kvitt.

Merk at trykkeprisar såpass langt fram i tid som det er snakk om her, er særst usikre. Globale utviklingstrekk som t.d. sterk auke i oljeprisar kan føre til at innsparing på trykk i utlandet blir

reduisert pga. høgare transportkostnader. Men trenden mot at ny teknologi gjer slik produksjon stadig billegare vil neppe endre seg drastisk.

Merk òg at produksjon av bøker er fritatt for mva. i siste ledd. Det betyr at det må førast mva.-rekneskap for heile prosjektet slik at ein får refundert utgåande mva., og ein slepp i prinsippet da å rekne inngåande mva. på boksalet.

5 Boksal og variable kostnader

Sjå omtale av desse prinsippa i Herøyrapporten pkt 8.4.

Eg har i kalkylen altså tatt utgangspunkt i at det blir trykt 2500 eks. av kvart band og at ein klarer å selje 1500 av kvart band til ein pris av kr 600 pr bok (som vi i dag sel første bandet av Volda for). Det gjev brutto salsinntekter for desse banda på ca kr 5.400.000.

Registerbandet kan ein truleg selje for kr 300, og det er rekna tilsvarende sal (1500) av dette, brutto inntekt kr 450.000.

Variable kostnader er altså slike som følgjer boksalet. Viktigast er her den provisjonen ein må gje dei som sel i siste ledd. Erfaringane viser at det er sær viktig at slike bøker er lett tilgjengelege i lokalsamfunna, gjerne gjennom lokale butikkar. Desse må sjølvsagt ha noko att for arbeidet. I bokhandlarbransjen er det vanleg med 35–40 % når dei kjøper bøker av utgjevar i fast rekning, dvs. betaler ved bestilling, og 25–30 % ved kommisjon, dvs. dei betaler etter bøkene er selde.

Bygdebokprosjekt og andre typar butikkar kan forhandle om andre vilkår, og mi erfaring er at butikkar tar slike oppdrag i kommisjon for 15–20 %. I tillegg sel i alle fall kommunar ein del bøker direkte, der ein slepp denne kostnaden.

Som tillegg kjem òg marknadsføring, men det er det vanlegvis ikkje stort behov for når det gjeld slike bøker. Lokalavisene skriv gjerne om slike prosjekt og lanseringar, og eller ser det ut til at «munn-til-munn»-metoden – at folk snakkar om bøkene – er effektiv. Ein føresetnad for at dette skal gje god effekt på salet er sjølvsagt at kvaliteten på dei ferdige bøkene er tilfredsstillande.

Eg har framleis ikkje erfaringstal for eit fullført prosjekt på denne måten, men har lagt inn 20 % flatt som slik variable kostnad på salet for dette prosjektet.

6 Konklusjonar bygd på vedlagde kalkyle

Med dei føresetnader som er lagt til grunn, får dette prosjektet brutto kostnader på 9,82 mill. kr og inntekter på 5,85 mill. kr, dvs. det vil vere nødvendig med tilskot (kommunale løyvingar o.a.) på 3,97 mill kr.

Særskilt relevant litteratur med kommentarar

Fladby, Rolf og Harald Winge (red.) 1984: *Lokalhistorie i emning. Frå idé til bok.*

Universitetsforlaget. Inneheld framleis nyttig generell informasjon om organisering og planlegging av bygdebokverk, arbeidsprosessen, bokproduksjons- og salsdelen av slike prosjekt.

Kjelland, Arnfinn og Harald Endre Tafjord 2004: *Busetnadssoaga for Stryn. Forprosjektrapport.*

Høgskulen i Volda. Omfattande forsøk på gjennomgang av alle arbeidsoperasjonar som må gjerast viss Stryn kommune skal få eit moderne bygdebokverk med utgangspunkt i dei gamle Aalandsbøkene. Elektronisk versjon:

http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/arb_157.pdf

Kjelland, Arnfinn, Ole Martin Sørungård og Jens Johan Hyvik 2004: *Sula-soaga. Busetnadssoaga. Band 1: Kvasnes – Bjørkavåg.* Stiftelsen Sula-soaga. Første band i bygdebokverk der personinformasjonen er samanstilt og skrive ut med dataprogrammet BSS.

Innleiingskapitlet gjer greie for oppbygginga og krysstilsivingssystemet. Vevsider:

<http://tilsett.hivolda.no/ak/Sulasoga/Sulasoga.htm>

Kjelland, Arnfinn, Olav Myklebust og Gunnar Andenes 2005: *Busetnadssoaga for Volda. Band 1 Dalsfjorden.* Volda kommune. Band 1 i bygdebokverk med grendesoger og omfattande bruk av innsamla bilde, der personinformasjonen er samanstilt og skrive ut med dataprogrammet BSS på same måte som i Sula-soaga. Innleiingskapitlet gjer greie for oppbygginga og krysstilsivingssystemet. Vevsider:

<http://tilsett.hivolda.no/ak/Voldasoga/Voldasoga.htm>

Kjelland, Arnfinn 2006: Ajourføring av Herøyboka. Forprosjektrapport til Herøy sogelag. Høgskulen i Volda. Elektronisk versjon.

http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/arb_189.pdf

Kyrre – standard for kyrkjebokregistrering: <http://digitalarkivet.no/kyrre.pdf>

Standard 4G for kyrkjebokregistrering: <http://home.online.no/~ddarkiv/standard/dda-std.htm>

Vevsider for dataprogrammet Busetnadssoaga (BSS), spesielt pkt. 14 i menyen til venstre, brukarrettleiing: <http://tilsett.hivolda.no/ak/BSS/Busetnadssoaga.html>

Vedlegg: Bygdebok for Haram - kostnadskalkyle			
Dato: 6.6.2006/Arnfinn Kjelland			
			Samla inntekter / utgifter
<i>Delprosjekt 1: Prosjektleiing, reserve / rente</i>	Timar etc.	Utgifter	Inntekter
1a Lokal prosjektleiing / andre timar (møte etc.)	250	kr 75 000	
1b Fagleg rådgjeving høgare kompetansenivå	100	kr 90 000	
1c Styringsgruppe/nemnd (honorar, servering, reise)		kr 25 000	
1d Reservepost av brutto kostnader (ikkje post 5c):	10 %	kr 786 298	
1e Renteutgifter, rekna 5 år av utgifter minus post 1d og 5c:	3 %	kr 445 074	
<i>Delprosjekt 2: Stoffbearbeiding inkl. tekstproduksjon</i>			
2a Dataregrering eldre kjeldemateriale, samla	1913	kr 573 750	
2b Innsamling / registrering av husstandsskjema	1062	kr 318 533	
2c Innkjøp av ferdige kjelder for Borgund (til Hamnsund)		kr 25 000	
2d Dataprog. BSS, konvertering av data, lisens		kr 50 000	
2e Familierek. (lenking / kopling / utplass. bustad)	6025	kr 1 807 500	
2f Innsamling av manglande arkivstoff til gardshistorier	450	kr 135 000	
2g Skrivning av gardshistorietekst	1506	kr 451 875	
2h Skrivning av innleiingar for verket og bygder / øyer	5063	kr 1 518 750	
2i Kostn. knytt til 2a-f (reise/dig./kopiering)		kr 50 000	
<i>Delprosjekt 3: Illustrasjonar (kart og bilde) og ferdiggjering / bokproduksjon</i>			
3a Kartprod., dig. kartgrl. - plassering stadnamn		kr 30 000	
3b Bildeinnsamling, -redaksjon og -digital behandling	1000	kr 50 000	
3c Kvalitetssikring (språkvask + utsending manus)		kr 50 000	
3d Redaktørarbeid (innpassing bilde / kart, korrektur m.v.)	625	kr 187 500	
3e Produksjonskostnader 6 band a kr 320.000		kr 1 920 000	
3f Produksjon/trykking registerband		kr 60 000	
<i>Delprosjekt 5: Inntektene (boksalet) - var. kostnader</i>			
5a Brutto salsinntekter, 6 band, 1500 selde av kvart	9000		kr 5 400 000
5b Brutto salsinntekter, tal selde registerband:	1500		kr 450 000
5c Distr./marknadsføring, % av brutto sal	20 %	kr 1 170 000	
Samla utgifter/inntekter:		kr 9 819 280	kr 5 850 000
Balanserer:		kr -3 969 280	
	Totalsum:	kr 5 850 000	kr 5 850 000